# Tiltaksplan mot trugslar og vald i skulen

| **Skulen si grunnhaldning er nulltoleranse mot vald og trugslar.**<br>Dette gjeld uansett om det er barn eller vaksne som vert utsette for hendingane. | | |
|---|---|---|
| **Mål** | **Ansvar** | **Tid** |
| Overordna mål med planen er å førebygge mot vald og trugslar, og etablere rutinar for å handtere situasjonar der elevar eller tilsette ved skulen vert utsett for slik åtferd frå ein eller fleire personar. | Rektor har ansvar for å sette i gang planarbeid.<br>Tillitsvalde og tilsette skal evaluere og justere planen ein gong i året, og alltid etter valdshendingar:<br>Vart rutinane følgde?<br>Var rutinane hensiktsmessige? | Kvart skuleår og alltid etter hendingar |
| **Strategi for det førebyggande arbeidet** | | |
| ○ Arbeid med eit godt og inkluderande læringsmiljø, godt klassemiljø.<br>○ Samarbeid heim – skule, og ved behov andre kommunale etatar.<br>○ Kartlegging av risikostadar på skulen (t.d. sløydsal, tekstilforming, kjøkken, spesialrom med kjemikalier. Etablere rutinar for låsing og oppbevaring.<br>○ Er uteområdet trygt ift. dei elevane som er på skulen?<br>○ Gjennomføre nødvendige tryggingstiltak på risikostader.<br>○ Etablere rutinar for nødvendig opplæring og øving for dei tilsette slik at dei vert i stand til å førebygge, handtere og følgje opp episodar med vald.<br>○ Kartlegging og oppfølging av elevar og føresette i risikogruppa. | Rektor og dei tilsette | Første utarbeiding av plan |

| **Tiltak når vald vert oppdaga** | | |
|---|---|---|
| o Tilgjengeleg vaksenperson i akuttfasen:<br>o **Gripe inn for å stanse valden**<br>▪ Snakke til:<br>• Opptre og snakk roleg,  men fast og bestemt<br>• Oppnå augekontakt<br>• Spør kva som er gale<br>• Tilby å hjelpe<br>▪ Fysisk stoppe valdsutøvaren ved å halde eller fjerne:<br>• Bruk ikkje meir fysisk makt enn nødvendig – det kan provosere til meir vald.<br>• Avstanden mellom partane må sikrast ved å halde valdsutøvar under kontroll og ta hand om valdsofferet.<br>o **Tilkalle hjelp om nødvendig. *Kven?***<br>o **Evakuering:**<br>▪ Om ikkje valden kan stansast omgåande, skal vitne og om mulig offer evakuerast og valdsutøvar isolerast. Det kan dempe aggresjonen å be vitne om å trekke seg vekk frå situasjonen.<br>o **Ta hand om den som er utsett for vald:**<br>▪ Avklar kva hjelp offeret treng.<br>▪ Ved alle typar fysiske skadar skal offeret til legebehandling.<br>▪ Ein frå skulen følgjer med for å vise at dette er skulen sitt ansvar. | Tilgjengelege vaksne, rektor må varslast snarast råd.<br><br>Rektor, kontaktlærar, andre tilgjengelege vaksne<br><br>Kontaktlærar | Ved første observasjon |

| | | |
|---|---|---|
| ▪ Det er fleire årsaker til å oppsøke lege:<br>• Gi nødvendig helsehjelp.<br>• Vise at ein tek valden på alvor.<br>• Dokumentere skadar.<br>▪ Avklare eventuell varsling til pårørande.<br>○ **Ta hand om valdsutøver:**<br>▪ Utøvar av valden blir teken med til rektor og halden under kontroll til hendinga er avklara, og det er klart kva som skal skje vidare.<br>▪ Det er inga hensikt i å snakke med valdsutøvaren før ei stund etter hendinga, då aggresjonsnivået vil vere for høgt.<br>○ **Følgje opp vitne:**<br>▪ Elevar som var vitne til valden, må følgjast opp.<br>▪ Ein må om mogleg unngå at elevar vert vitne til personskader.<br>▪ Dei må samlast for å snakke om den trasige opplevinga.<br>▪ Som vitne kan elevane også gi opplysningar om hendinga og forløpet.<br>○ **Varsle valdsutøver sine føresette.**<br>▪ Valdsutøvar sine føresette må varslast og kome til skulen for å få informasjon og ta seg av eleven.<br>○ **Plan for vidare tiltak:**<br>▪ Skulen må utarbeide ein plan for vidare tiltak.<br>▪ Evaluering og justering av eksisterande tiltaksplan vert gjennomført. | Rektor<br><br>Rektor/kontaktlærar i samarbeid med føresette til valdsutøvar<br><br>Tilsette og tillitsvald | |